



BØAHAGEN



Velkommen til BØAHAGEN

Unike leiligheter med fantastisk beliggenhet i Stryn.

Eit leilegheitsprosjekt vert til

Då eg gjorde valet om å legge ut delar av garden til byggeareal melde spørsmålet seg om kva som skulle byggjast. Kva var det Stryn kunne ha behov for, som ville passe på denne flotte, solrike og sentrumsnære tomte?

Med panoramautsikt utover fjorden og oppover den vakre dalen, vart konklusjonen enkel. Her måtte det kome bustadar. Her måtte fleire få nyte den flotte utsikten frå stovevindauget, slik eg sjølv har gjort i min oppvekst.

Eg ønskte å skape noko spesielt, som ville vere attraktivt i lang tid. Og eg ville at vi skulle nå alle kjøpargrupper. Etter kvart kom idèane på plass, og grunntanken vart *EIT GODT BUMILJØ*. I det legg eg at det skal vere ein plass der folk i alle aldrar og livsfasar kan finne seg godt til rette i lag.

Den viktigaste samtalepartnaren i utviklinga av prosjektet har vore Tore Geir Aaland ved Aaland Arkitektkontor AS. Saman har vi gått mange rundar med idémyldring og teikning. Namnet *BØAHAGEN* kom på plass med det same, og så var det å fylle namnet med innhald.

Grunntanken om *EIT GODT BUMILJØ* har vore sentral i planarbeidet, og no ser eg verkeleg fram til å sjå at *BØAHAGEN* tek form. Då gjenstår berre det viktigaste i eit godt bumiljø, nemlig gode naboar.



Foto: Turøyper Stryn



Halvard Bøe

Halvard Bøe

Kanskje det er tid for å gjere nokre *val*?

Mange kjenner nok på at for mykje tid går med til nødvendige gjeremål ein ikkje har så stor glede av. Samtidig blir det som verkeleg skapar minner i livet sett på vent. I *BØAHAGEN* ynskjer vi å legge til rette for at livet skal verte litt enklare og at ein skal få betre tid til det som er viktig - meir tid til dei nærmaste, ein kjekk hobby, ei treningsøkt, eller berre å trekkje seg tilbake og nyte omgjevnadane.

Kanskje bur de i einebustad, og ser ikkje lenger glada i å måle hus, klippe plen og moke snø. Kanskje har borna flytta ut, og behovet for eit hus er ikkje lenger til stades? Eller de tenker kanskje på å flytte ut for å gjere huset tilgjengeleg for neste generasjon? Dessutan skulle sikkert kjøkken og bad vore modernisert..?

Kanskje bur de i by med mange tilbod og spennande jobbar, men kjenner også på draumen om ein landleg tilverelse? Kvifor ikkje kome heim til Stryn og bli med å utvikle denne fantastiske bygda vår. Innanfor ein liten radius har vi det meste, slik som idrettsarenaer, opera, kafear, aktivitetar og festivalar, og ikkje minst eit spennande og innovativt næringsliv. Naturen ligg like utanfor stovedøra, midt i ein region som har det meste av det vestlandet kan by på av naturopplevingar.

I *BØAHAGEN* vil det bli tilrettelagt for at du skal kunne velje å bruke tida di på det som er viktig for deg. Her treng du ikkje å bekymre deg for alt som må gjerast med hus og hage. Her er leikeplass like utanfor døra der barn kan leike i trygge omgjevnadar. Det er korte avstandar til alt Stryn sentrum har å tilby; skule, kulturhus, symjehall, idrettshall, bibliotek, ungdomskafe, fotballbane, omsorgsenter, handel med meir.





BØAHAGEN der ein skulle tru at *alle* ville bu

I *BØAHAGEN* skal det vere godt å bu. Bilen vert parkert i parkeringskjellaren, og elles er det bilfritt. Frå parkeringskjellaren kjem ein til kvar etasje via heis eller innvendige trapper.

På taket av parkeringskjellaren ligg hjertet i *BØAHAGEN* og det som har gjeve prosjektet namn - den flotte hagen med gangvegar, plenar og møteplassar. Vi har eit sterkt ynskje om at bebuarane i *BØAHAGEN* skal finne seg godt til rette. Hagen skal vere universell og tilgjengeleg for alle uansett alder og livssituasjon. Dette skal vere ein plass der ein kan ta med kaffikoppen og møte sine gode naboar for ein prat i hyggelege omgjevningar, med sittegrupper og leikeapparat for dei aller minste.

I det sørvestlige hjørnet av *BØAHAGEN*, med flott utsikt over sentrum og fjorden, ligg leikeplassen for dei litt større barna. Her vil det vere sandkassar, leikestativ og ein liten ballplass. Her kan barna leike i trygge omgjevningar i eigen hage. På baksida ligg frukthagen. Her vil det gå gangsti og bru over til svalgangane på dei bakre husa. I frukthagen vil bebuarane i *BØAHAGEN* kunne plukke sine egne frukter. Men hugs at alle må få!



Moderne leilegheiter til eit kvart ynskje og behov

BØAHAGEN har leilegheiter for ulike ynskjer og behov. Dei minste er på 58 og 62 kvm (3-roms), dei mellomstore på 79 kvm (3-roms) og dei store toppleilegheitene på 102 og 127 kvm (4-roms). I framkant har vi 4-mannsbustadane med leilegheiter på 102 kvm (4-roms).

Alle leilegheitene har parkeringsplass og bod i parkeringskjellaren, samt privat balkong eller markterrasse. Der er felles varmepumpeanlegg og oppvarming av leilegheitene frå vassboren golvvarme. Leilegheitene er sjølsagt bygd etter dagens krav, og då vert oppvarmingskostnadane lave.

Leilegheitene har gjennomarbeidde og gode planløyningar og vert innreia med normalt god standard. Der vert parkett på golv i opphaldsrom, soverom og gang, og flis på golv og vegg på bad. På boda vert det golvbelegg. Veggjar og tak vert slette og lyse. Kjøkken vert smakfullt innreia med slette kvite frontar. Kjøkkeninnreiing er mogleg å endre i dialog med kjøkkenleverandøren.




Leiligheter med gangavstand til alt

1	Stryn vidaregåande skule	900 meter	8	Matbutikk	550 meter
2	Stryn ungdomsskule	1000 meter	9	Stryn Stadion	1000 meter
3	Tønning Skule (barnes.)	550 meter	10	Turløyper / skisenter	4,5 kilometer
4	Barnehage	500 meter	11	Treningscenter	600 meter
5	Stryn Kulturhus	550 meter	12	Strynehallen	750 meter
6	Symjehall	550 meter	13	Tønning barnehage	500 meter
7	Busstasjon	900 meter	14	Stryn omsorgssenter	550 meter



Snitteikning



Områdeskisse



Leilighetsoversikt

- 1** LEILIGHET TYPE 1
4-roms leilighet,
BRA 102 m²
- 2** LEILIGHET TYPE 2
3-roms leilighet
BRA 58 m²
- 3** LEILIGHET TYPE 3
3-roms leilighet
BRA 62 m²
- 4** LEILIGHET TYPE 4
3-roms leilighet
BRA 79 m²
- 5-1** LEILIGHET TYPE 5-1
4-roms leilighet
BRA 127 m²
- 5-2** LEILIGHET TYPE 5-2
4-roms leilighet
BRA 127 m²
- 6** LEILIGHET TYPE 6
4-roms leilighet
BRA 102 m²





LEILIGHET TYPE 1 4-ROMS LEILIGHET

ETASJE: 1. og 2. • LEILIGHET 1-8 • BRA 102 m²
P-ROM: 99 m² • BALKONG: 17 m² • SOVEROM: 3
PARKERINGSKJELLAR • SPORTSBOD



Foto: Reiseliv Strym & Norørfjord




LEILIGHET TYPE 2 3-ROMS LEILIGHET


ETASJE: 2. • LEILIGHET 9-12 • BRA 58 m²

P-ROM: 55 m² • BALKONG: 13 m² • SOVEROM: 2

PARKERINGSKJELLAR • SPORTSBOD



SKALA 1:100
0 1 2 3 4 5



LEILIGHET TYPE 3 3-ROMS LEILIGHET


ETASJE: 2. og 3. • LEILIGHET 13-15 og 19-21 • BRA 62 m²

P-ROM: 59 m² • BALKONG: 14 m² • SOVEROM: 2


PARKERINGSKJELLAR • SPORTSBOD



Foto: Reieemal Stryn & Norefjord



SKALA 1:100
0 1 2 3 4 5





LEILIGHET TYPE 4 3-ROMS LEILIGHET

ETASJE: 3. • LEILIGHET 16-18 • BRA 79 m²
P-ROM: 73 m² • BALKONG: 20 m² • SOVEROM: 2
PARKERINGSKJELLAR • SPORTSBOD



Foto t.v.: Reiseliv Strym & Nordfjord





LEILIGHET TYPE 5-1 4-ROMS LEILIGHET

ETASJE: 4. • LEILIGHET 23 • BRA 127 m²
P-ROM: 122 m² • BALKONG: 20 m² • SOVEROM: 3
PARKERINGSKJELLAR • SPORTSBOD



Foto: Turlepper Strøm



LEILIGHET TYPE 5-2 4-ROMS LEILIGHET


ETASJE: 4. • LEILIGHET 22 • BRA 127 m²

P-ROM: 120 m² • BALKONG: 20 m² • SOVEROM: 3


PARKERINGSKJELLAR • SPORTSBOD



Foto: Tulløyper Strøm



SKALA 1:100
0 1 2 3 4 5



LEILIGHET TYPE 6 4-ROMS LEILIGHET

ETASJE: 4. • LEILIGHET 24-25 • BRA 102 m²
P-ROM: 98 m² • BALKONG: 16 m² • SOVEROM: 3
PARKERINGSKJELLAR • SPORTSBOD






Foto tv: Reiseliv Stryn & Nordfjord



SKALA 1:100
0 1 2 3 4 5





Leilegheit i BØAHAGEN – ei trygg investering

Å kjøpe sin eigen bustad er for dei fleste den største investeringa ein gjer, men det er ikkje lenger sjølvstapt at ein vert buande i same hus livet ut. Det kan vere ulike årsaker til det - planlagt, eller som følgje av uventa endringar i livssituasjon.

BØAHAGEN ligg på ei av Stryn sine mest attraktive tomtar. Utviklinga av Stryn sentrum har vist at det er i dette området folk vil bu, og prisutviklinga på eigedomar i området har vore svært god.

Gjennom fysisk tilrettelegging for eit attraktivt bumiljø, ynskjer vi å skape dei beste føresetnadar for at *BØAHAGEN* skal få ei god verdiutvikling.

Om du også gjev ditt positive bidrag til bumiljøet, skulle alt ligge til rette for å skape dei gode assosiasjonane som trengs for at di leilegheit vert ei trygg og god investering.

Tryggleik for gjennomføring

Når ein kjøper leilegheit under oppføring er det viktig å vere trygg på at leilegheita vert som planlagt, og at ein har tiltru til utbyggjar si gjennomføringsevne.

Bak *BØAHAGEN* står HS Eigedomsutvikling AS og HaBøe AS. Dette er lokale selskap som skal vere i bygda også etter at *BØAHAGEN* er bygd. HS Eigedomsutvikling AS er eit selskap i HS-gruppa, der HS Bygg AS er det mest profilerte. HS Bygg AS er Stryn sin største byggentreprenør. Dei har lang erfaring med store bygg og er eit solid selskap.

Bak HaBøe AS står Halvard Bøe, som har vakse opp på garden der *BØAHAGEN* skal byggast. Han har lang erfaring frå byggjebnansjen og har hatt sentrale roller i store utbyggingar som hyttefeltet Bønedssetra Hyttegrend og Vikaelva Kraftverk.

At lokale aktørar med brei og god erfaring står bak meiner vi er den beste garanti for ei god gjennomføring av prosjektet.



Byggespesifikasjon

Byggespesifikasjon for kjøkken

Presisering

Det blir understreka at bilete og teikningar i prospekt og presentasjonsmaterieill er illustrasjonar og vil kunne avvike frå endelig ferdig bygg og materialval.

Byggespesifikasjon for bad

Byggespesifikasjon

Denne spesifikasjonen er utarbeidd for å orientere om bygget sine viktigaste delemne og funksjonar. Det kan førekome avvik mellom byggespesifikasjonen og planteikningane. I slike tilfelle er det byggespesifikasjonen som er retningsgjevande.

Byggespesifikasjon for stovet

Enkelte illustrasjonar i teikningsmateriale kan vise forhold som ikkje er i samsvar med leveranse. Dette kan vere møblering, fargeval, dør- og vindaugsform, bygningsmessige detaljar, til dømes fasadedetaljar, fellesareal, materialval, blomsterkassar, beplanting, fargesetting mm.

Byggespesifikasjon for stovet

Vidare kan vindaugsplassering i den enkelte leilegheit avvike noko frå dei generelle planane som følgje av mellom anna den arkitektoniske utforminga av bygget.

Endeleg kjøkkenteikning vil bli utteikna av kjøkkenleverandøren, og i denne prosessen kan det skje ei omfordeling av dei enkelte kjøkkenkomponentane.

Byggespesifikasjon for stovet

Leilegheitene vil bli oppretta som sjølveigarleilegheiter.

Byggespesifikasjon for stovet

Prosjektet vert byggjemeldt i samsvar med Plan- og Bygningslova og Byggteknisk forskrift med veiledning (TEK10)

Byggespesifikasjon for stovet

Konstruksjon

Bygningane vert utførte med bærekontruksjon i betong, betongelement og stål. Etasjeskille utførast i betong eller betongelement.

Byggespesifikasjon for stovet

Fasadane vert bygde opp som isolerte stendarveggar og isolerte betongelement, i hovudsak utvendig kledd med målte overflater eller trekledning.

Byggespesifikasjon for stovet

Innvendige veggar består av trestendarar, kledd med gipsplater.

Byggespesifikasjon for stovet

Trapperom vert bygd i tre, stål og betong.

Byggespesifikasjon for stovet

Balkonggolv er i prefabrikkert betong og vert levert med påstøyp, naturlig grått. Dette er å sjå som utvendig konstruksjon, og det vil kunne verte mindre oppsamlingar av vatn etter regnvêr. Utforminga av rekkverk vil variere i

prosjektet mellom tre, stål og glas.

Byggespesifikasjon for stovet

Platting på terreng vert levert utan rekkverk.

Byggespesifikasjon for stovet

Standard innvendig behandling

Golv i stove/kjøkken, soverom og entrè vert levert med 14 mm eik parkett. Det vert levert keramiske flisar på golv på bad og WC. I vaskerom/bod vert det lagt golvbelegg.

Byggespesifikasjon for stovet

Veggar

På veggar i stove/kjøkken, soverom og entrè vert det levert gipsplater som blir måla i lys farge. På bad vert det levert keramiske flisar i lys farge, og på vaskerom/bod vert det levert måla veggplater.

Byggespesifikasjon for stovet

Himlingar

Himlingar i leilegheitene vert levert med kvite takplater. I leilegheiter som ligg i øverste etasje vil himlinga i fremre del av leilegheitene stige opp framover i same vinkel som utvendig tak.

Byggespesifikasjon for stovet

Kjøkken

Kjøkkeninnreiing vert levert frå Norema, med kvit glatt front og benkeplater i laminat som standard. Innreiinga vert levert med bøylar i blank eller børsta utføring. Det vert levert oppvaskbenk med nedfelt stålbeslag og avsett plass og opplegg for oppvaskmaskin, kjøleskåp og komfyr. Utbyggjar kan velje å levere kjøkken i tilsvarande kvalitet frå annen anerkjend kjøkkenleverandør.

Byggespesifikasjon for stovet

Det vil bli utarbeidd kjøkkenteikning for det enkelte kjøkken. Det vert arrangert møter med kjøkkenleverandøren, der kjøpar av leilegheitene, kan diskutere og avtale endringar i kjøkkenleveransen innafor kjøkkenleverandøren sitt rikhaldige sortiment. Det vert ikkje høve til å flytte på elektriske installasjonar eller avløp og vasstilførsel. Kvitevarer vert ikkje levert.

Byggespesifikasjon for stovet

Garderobe

Kvite skåp med frontar i kvit glatt utføring. Det vert levert 1 meter skåp pr seng i samsvar med planteikning. Det vert ikkje levert skåp eller innreiing i gang/entré. Garderobeskåpa vert leverte med bøylar i blank eller børsta utføring.

Byggespesifikasjon for stovet

Innvendige dører

Innvendige dører type kvit slett, med kvite karmar og dørvridar i blank eller børsta utføring.

Bad

Byggespesifikasjon for bad

Byggespesifikasjon for bad

Byggespesifikasjon for bad

Bad
Baderomsinnreiing består av underskåp på 120 cm breidde, med slette skuffefrontar i svart eller kvit matt utføring, kvit heildekkande servant, eittgreps servantbatteri, spegel og lysarmatur. Vidare vert det levert dusjveggar med eittgreps dusjbatteri og vegghengt klosett i kvit porselen.

Byggespesifikasjon for bad

Det er avsett plass, og levert opplegg for vaskemaskin og tørketrommel (føreset kondenstørketrommel).

Byggespesifikasjon for bad

Det kan bli terskel/nivåskilnad frå bad til tilliggande rom.

Byggespesifikasjon for bad

Vindauge/terassedører

Vindauge og terassedører vert leverte ferdig kvitmåla frå fabrikk med same farge ute og inne.

Byggespesifikasjon for bad

Hovudinngangsdør leilegheit

Hovudinngangsdøra er i måla utføring frå fabrikk, med FG-godkjendt tryggleikslås.

Byggespesifikasjon for bad

Listverk

I rom med parkett vert det levert golvlister i lakkert utføring. Alle gerikt rundt vindauge og dører vert leverte måla i same kvitfarge som vindauge og dører. Det blir festa med synlege stiftar. Taklister vert levert i same farge som taket.

Byggespesifikasjon for bad

Brannslokking

Heile boligkomplekset har brannsprinkling. Der er felles brannvarslinganlegg med avstillingstablå i kvar leilegheit.

Byggespesifikasjon for bad

Ventilasjon

Det vil bli montert balansert ventilasjon med lokalt aggregat plassert i bod i kvar leilegheit.

Byggespesifikasjon for bad

Elektrisk

Det er skjult elektrisk anlegg i leilegheitene. Der er LED down-light i stove/kjøkken, og taklampar i entrè, soverom, bad og vaskerom/bod. Elektrisk installasjon er ihht til NEK 400-2014 som inneber at det er godt med stikkontakter.

Byggespesifikasjon for bad

Sanitær

Det vert montert opplegg for oppvaskmaskin i kjøkkenbenk, og opplegg for vaskemaskin på bad. Varmtvassberedar i kvar leilegheit vert plassert i bod.

Byggespesifikasjon for bad

Byggespesifikasjon for bad

Byggespesifikasjon for bad

Oppvarming
Oppvarming i leilegheitene vil bli leverte som vassbåren golvvarmeanlegg, med felles varmepumpe for kvart byggjetrinn.

Byggespesifikasjon for bad

TV/elmedisinsk utstyr

Det vert tilrettelagt for tilkopling til internett via fiber. Kjøpar vel sjølv om han ønskjer å nytte det. Kjøpar betalar sjølv eventuell tilknytning.

Byggespesifikasjon for bad

Det vert leverte 2 stk uttak for TV og det vert trekt rør for montering av antenne på balkong. Kjøpar kan velje om dei vil montere antenne eller få signal til TV via fiber.

Byggespesifikasjon for bad

Det vert lagt opp to tome punkt for tilkopling til elmedisinsk utstyr.

Byggespesifikasjon for bad

Teikningar av tekniske anlegg

Tekniske anlegg og framføringar til desse blir ikkje innteikna på teikningar som vert omfatta av kjøpekontrakt. Endeleg plassering av desse vert bestemt av kva som er hensiktsmessig og naudsynt. Ein tek atterhald om endringar på planteikningar for framføring av sjakter for ventilasjonsanlegg og elektriske føringar.

Byggespesifikasjon for bad

Byggespesifikasjon for bad

Fellesareal/inngangsforhold

Trapper og svalgangar vert levert i betong, ubehandla grå.

Byggespesifikasjon for bad

Byggespesifikasjon for bad

Heis

Der vert heis frå parkeringskjellar til alle bustadetasjar. Denne er felles for byggjetrinn 1 og 2.

Byggespesifikasjon for bad

Parkering

Det vert parkeringskjellar på plan 1. Alle leilegheiter vil få 1 reservert parkeringsplass kvar. Leilegheitene på 127 kvm vil få 2 reserverte parkeringsplassar. I tillegg vil der vere nokre plassar til fri disposisjon. Der blir også et mindre parkeringsareal utandørs.

Byggespesifikasjon for bad

Utomhusarbeid

Endeleg utomhusplan er ikkje ferdigbehandla. Seljar tek atterhald om å bestemme endeleg utforming og materialval. Fellesområda vil bli tilplanta og tilsådde. Det vil bli bygd søppelhus i byggjetrinn 2. Inn til dette er etablert må det lagast gode midlertidige ordningar.

Boder

Boder

I tillegg til bod i leiligheita får kvar leilegheit 1 stk sportsbod i parkeringskjellaren. Bod i parkeringskjellar vert leverte med nettingveggar og dør som kan låsast.

Tilvalsmoglegheiter

Det vil bli mogleg å gjere enkelte individuelle tilpassingar. Seljar vil i god tid før innreiingsarbeida startar utarbeide ein tilvalsmeny der prisar og fristar for å foreta val vil framgå.

Innflytting

Stipulert ferdigstilling/innflytting av byggjetrinn 1 vil vere 4. kvartal 2016. Dette under føresetnad om byggjestart 2. kvartal 2015. Byggjestart er også avhengig av at tilstrekkeleg tal leiligheiter er førehandsselde. Vidare er byggjestart avhengig av at det vert gjeve igangsettingsløyve.

Overtakingsmånad vil bli varsla kjøpar ca. 3 månader før berekna overtaking. Kjøpar aksepterer at endeleg overtakingsdato vil bli varsla kjøpar seinast 6 veker før overlevering.

Kvar kjøpar vil ved overtaking få tildelt FDV-dokumentasjon som syner kva material, produkt og fargeval som er nytta, og i tillegg adresselister med oversikt over kontaktpersonar/firma som er ansvarleg for dei forskjellige arbeida og vedlikehald.

Atterhald

Alle opplysningar i denne spesifikasjonen er gjeve med atterhald om rett til endringar som er hensiktsmessige og naudsynte, eller som følgjer av offentlege pålegg, utan at den generelle standarden vert forringa.

Andre opplysningar

Sameige

Det skal etablerast eit sameige der alle leiligheitseigarane skal vere med. Dette vert leia av eit styre som er valt av årsmøtet. Sameiget skal administrere det som er felles for leiligheitene på eigedomen og ivareta felles interesser for leiligheitene. Leiligheitseigarane vil ha stemmerett i sameiget etter sameigebrøken. Sameigebrøken er ein funksjon av leiligheita i sitt BRA areal i høve til totalt BRA for alle leiligheitene i prosjektet.

Eigarseksjonane vil tilhøyre sameiga som også omfattar garasjeanlegget.

Seksjonsnummer og eigarbrøk vert bestemt i samband med seksjoneringa. Sameiga vil ivareta forvaltning av felles grøntareal innanfor eigedommen. Desse areal vil framgå av eige kartutsnitt som syner uteareal tilknytte bustaddelen i prosjektet.

Fellesutgifter

Fellesutgifter skal dekkje sameiga sine ordinære driftsutgifter. Kor store kostnadane vert, vil avhenge av kor mange ytingar sameiga rekvirerer. Fellesutgiftene skal fordelast på leiligheitene etter sameigebrøken. Endeleg fastsetjing av første års driftsbudsjett og fellesutgifter vedtakast på sameiga si konstituerande generalforsamling.

Kostnadar

Dokumentavgift til staten er på 2,5 % av andel av tomteverdi. Gebyret for tinglysing av skøyte er f.t. kr 525,-, og tinglysingsgebyr for pantedokument i samband med etablering av eventuelle lån er f.t. kr. 525,- pr. pantedokument. I tillegg innbetalast á konto kr. 50,- pr. kvm BRA til sameiga for likviditet i oppstartsfasen. Det vert teke atterhald om endring av satsane for offentlege gebyr og avgifter i tida fram til heimelsovergang finn stad.

Betalingsplan

10 % av kjøpesummen innbetalast ved kontraktinggåing til meklar sin klientkonto for prosjektet. Rentene på innbetalt forskot tilfell utbyggjar. Den resterande del av kjøpesummen innbetalast seinast ei veke før overtaking av eigarseksjonen.

Garantiar

Ved forbrukerkjøp vert leiligheitene selde i samsvar med lov om bustadoppføring. Seljar pliktar å stille bankgaranti til kjøpar i samsvar med Bustadoppføringslova § 12 og § 47. Overføring av innbetalt forskot frå meklar til seljar er avhengig av at seljar har stilt garanti i samsvar med Bustadoppføringslova § 47. For øvrig gjeld Lov om eigarseksjonar for sameiga og drifta av dette.

Dersom det ikkje er forbrukarkjøp vert det skrive kontrakt etter Avhendingslova og det vert ikkje stilt garantiar.

Arealopplysningar

Areal oppgitt i prospektet er angitt i bruksareal (BRA) som er leiligheita sine mål innvendig, herunder innvendige boder og veggar, men ikkje medrekna yttervegg. I tillegg vert oppgitt P-rom, som er leiligheita sitt BRA-areal

Forsikring

fråtrukke innvendige boder og veggane til desse.

Forsikring

Bygg og eigedom vil vere forsikra av utbyggjar fram til overtaking, deretter teiknast fullverdiforsikring gjennom eigarseksjonssameiga. Kjøpar må sjølv teikne innbu- og lausøyreforsikring.

Matrikkel

Gnr 59 Bnr 333 i Stryn kommune. Seksjonsnummer for kvar leiligheit vert fastsett ved seksjoneringa.

Regulering

Tomta er regulert til bustadføremål i godkjend reguleringsplan.

Adresse

Adresse vert fastsett av Stryn Kommune etter at seksjoneringa er tinglyst.

Prisar

Leilegheitsprisane framgår av den til ei kvar tid gjeldande prisliste. Seljar står til ei kvar tid fritt til å endre prisen på uselde leiligheiter.

Atterhald

Byggjestart er avhengig av at eit visst tal leiligheiter er førehandsselde. Vidare er byggjestart avhengig av at ramme- og igangsetjingsløyve vert gjeve frå myndigheitene i god tid før byggjestart.

Seljar tek generelt atterhald om myndigheitene si saksbehandlingstid og eventuell justering i framdrift for overtaking/innflytting, heimelsoverføring med vidare som følgje av dette.

Det kan førekome avvik mellom byggjespesifikasjon og planteikningar. I slike tilfelle er det alltid byggjespesifikasjon som er retningsgjevande. Dersom det er avvik mellom prospekt/internettside og leveransespesifikasjon, er det den endelege leveransespesifikasjonen i kontrakten som gjeld. Omfanget av leveransen er avgrensa til denne.

Alle opplysningar i dette prospektet er gjeve med atterhald om rett til endringar som er hensiktsmessige og naudsynte, føresett at det ikkje reduserer den generelle standarden monaleg. Kjøpar aksepterer utan prisjustering at utbyggjar har rett til å foreta slike endringar. Døme på slike endringar kan vere innkassing av teknisk anlegg, mindre endring av bustaden sitt areal eller liknande.

Seljar tek atterhald om retten til å organisere parkering og boder på den måten som han ser som mest hensiktsmessig, til dømes som ein del av sameiga sitt fellesareal med dertil tilhøyrande bruksrettar, seksjonert som tilleggsareal til den enkelte seksjon eller som særskilt anleggseigedom.

Utomhusplanen i prospektet er ikkje eit kart, men ei illustrasjonsskisse. Utomhusplanen er utarbeidd for å illustrere tomta si planlagde opparbeiding.

Seljar står fritt til å endre leiligheitssummen i prosjekteringsprosessen. Seljar tek også atterhald om eventuell endring av tal eigarseksjonar i bygningane.

Utbyggjar tek atterhald om retten til å akseptere eller forkaste eitkvart bod/kjøpetilbod på fritt grunnlag. Sal av kontraktsposisjon er berre tillate etter godkjenning frå seljar. Seljar kan utan nærare grunngeving nekte slik godkjenning. Ervervet vil etter slik godkjenning kunne tinglysast direkte til tredjemann, men seljar vil i høve til oppgjer og kontraksvilkår for øvrig berre forhalde seg til kjøpar.

Eventuelle bod må gjevast inn på seljar si standard kjøpekontrakt som vil bli nytta ved alle sal. Sjå eige kontraktsdokument som vert føresett gjennomgått før bod vert gjeve. Seljar tek atterhald om å foreta justeringar i kontrakten som følgje av offentlege krav m.m. Vidare har seljar høve til å avvise bod frå interessentar som måtte motsette seg å bruke eller krevje endringar i standard kjøpekontrakt.

Skøyte vert tinglyst i kjøpar sitt namn. Dersom kjøpar ikkje ynskjer tinglysing av skøyte, må han ta atterhald om dette i mellombels kjøpsavtale/bod.

Seljar tek atterhald om retten til å foreta kredittvurdering av kjøpar. Eigedomsmeklar er underlagt Lov om kvitvasking. Dette medfører at meklar har plikt til å melde frå til Økokrim om evt. mistenkelege transaksjonar.

Seljar tek atterhald om retten til å førestå fordelinga av P-plassar og boder.

Det vert teke atterhald om trykkfeil i leveransespesifikasjon og prospekt.





BØAHAGEN

Moderne, lettvent
og solrikt.

Eit alternativ for alle,
uansett livsfase.



BØAHAGEN

WWW.BOAHAGEN.NO

Utbygger/seljar

Bøahagen AS
Perhusvegen 24
6783 STRYN
Org.nr. 914 768 500
Heimeside: www.boahagen.no
Tlf. 970 95 132
E-post: halvard.boe@eninvest.net

Totalentreprenør

HS Bygg AS
Perhusvegen 24
6783 STRYN
Org.nr. 936 854 044
Heimeside: www.hs-bygg.no
Tlf. 57 87 68 50
E-post: post@hs-bygg.no

Arkitekt

Aaland Arkitektkontor AS
Tonningsgata 42
6783 STRYN
Org.nr. 966 961 090
Tlf. 908 30 019
E-post: post@aalark.no